

Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

Dato: 23.12.2015  
Vår ref.: 2014/19439-75  
Saksbehandlar: arnasan  
Dykkar ref.:

## Tannhelsetenesta i Hordaland - klinikkstrukturplan 2015 - 2030

Fylkestannlegen i Hordaland har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

På grunn av forslag til løysing på framtidig tenestetilbod i Nordhordland finn fylkestannlegen det naturleg å invitere Radøy kommune til eit orienterings- og drøftingsmøte **torsdag 14. januar 2016 kl 1200 – 1330 på fylkestannlegen sitt kontor i fylkesbygget 5. etasje – Agnes Mowinckels gt 5, Bergen.**

Temaet er tannhelsetenesta i Hordaland sitt framtidige tilbod for Radøy kommune.

Fylkestannlegen ser for seg at Radøy kommune kan delta med inntil 2 representantar. Frå tannhelsetenesta i Hordaland deltek overtannlege i Nord tannhelsedistrikt Stein Moe, seniorrådgjevar Torunn Gaarden og fylkestannlegen i Hordaland.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet, kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: [arne.asan@hfk.no](mailto:arne.asan@hfk.no) – eller på telefon 416 67 867.

Vel møtt!

Arne Åsan  
fylkestannlege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*